

RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGERDato: 18.06.2019  
Vår ref.: 2019/3603-3  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

## **Kulturminnefagleg fråsegn - gnr. 44, bnr. 16 - Dispensasjon - Ny grunneigedom for heilårsbustad - Mangersneset - Radøy kommune**

Viser til brev dagsett 21.03.2019 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og til vårt brev av 05.04.2019 med varsel om synfaring.

Arkeolog frå Hordaland fylkeskommune gjennomførte synfaring i det gjeldande arealet 18.06.2019. Det vart ikkje påvist synlege automatsk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg nasjonal eller regional verdi under synfaringa. Det er ikkje trong for ytterlegare arkeologiske registreringar. Vi ber likevel om at det vert teke omsyn til eventuelle kulturlandskapstrekk som til dømes steingardar, bakkemurar, tufter, eldre vegfar m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatsk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka i samband med kulturminne.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*